Førsteblad

1

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 9.

Fylke: Sör-Tröndelag

Tilleggsspørsmålnr.

Herad: Malvik

Emne: Lauving.

Bygdelag:

Oppskr. av: Johan Tapper

Gard: Vollan

(adresse): Vikhamar.

G.nr. 24 Br.nr. 2

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle. Etter eiga röynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

SVAR

Lauvsanking er ukjent i bygda no, for det er for lite arbeidsfolk på gardane til det. I min ungdom, for 40-50 år sidan var det alminnelig å ta lauv som hjelpefor til sauene, lauvkjerv av older og björk. Til kyr råppå (rispa) dei av rogn og selje. Det vart ogso kalla og „kaunglauv". Lauvonna var millom slattonna og skurdonna, og var både manns og kvinnearbeid. Dei störe borna var ogso med. Det var halde for eit triveleg og livleg arbeid. Oldra vart hogge ned av karane og kvinnone hakka av lauvet og batt i kjerv. Kjerva. Björka vart delvis hogge ned og hakka av lauvkvistane, og delvis vart lauvkvisten hakka av björka eit stykke opover så den fekk stå og veksa igjen. Handfanget som bruktes til lauving var skjuru. Det kunde ogso vera ein avhoggen ljå med skaft på, og delvis ogso lauvkrok. Lauvskogen var i beitekröa og i utkantane av jordet, og delvis ogso i utmarka.

Björklauvet vart hatt i hus utan törking, for da heldt det seg grönt.

2746

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Olderlauvet vart törka, dit vart sett på staur eller i rauk. Lauvkjervane vart halt inn på höylemmen og lagt oppå höyet i röste, eller i ei onnor ledig bu.
Når dit skulde vera nok lauv, så skulde dit vera 100 kjerv til kvar sau for vinteren.
Det vart sett ein staur midt i saubingen som lauvkjervane vart trud på. Når lauvet var avete, vart riset oppsamla og bore inn og brent på gruva.
Kanglalauvet vart for det meste törka inni hus, og når dit var tört lagt i stabbe.
Kanglalauvet vart rappa i sekker og bore heim. Kjervlauvet vart köyrt heim med hest, der dit var hest, ellers bore heim i taug.
Det alminnelige lauvtre her i bygda er björk, older, rogn, selje og litt osp.
Ospelauvet vart delvis brukt som kanglalauv.
Kangerlauvet vart gjeve kyrne i bötter, både saman med höyfrö og småhöyraske, og utan blanding.
Eg var gjætar på ein större gard sumaren 1888. Der var kona til lauvskogen kvar kveld og rappa olderlauv til grisane. Ho rappa lauvet i to bötter, og stundom i sekk.
Og dit var visst mange som brukte olderlauvet til grisen den tida. Dessutan vart dit plukka ugras i rotvelståkeren til grisen, tistel og vassarve, ogso kalla grisarve.
Lauvinga vara i fleire dagar, minst ei veke og litt lenger ettersom ein hadde lauvskog til og ta av. Det var inga fellesdrift med lauving.

2746

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Lauvinga vart det jamnt slutt med
her i bygda i kring hundreårsskiftet.
Noken heldt på litt lengre, men no er
det heilt slutt.
Nedfallslauv har vore brukt som boss
i saubingen og grisebingen, og vart
raka saman med rive.

2746

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING